

Årsmelding – Austre Moland Historielag 2023.

Styret har bestått av:

Leiar :	Odd Thunes
Nestleiar:	John Bernhard Johnsen
Kasserer:	Trond Ivar Moen
Sekretær:	Lilly Berland
Styremedlem:	Ingeborg E.Dale
Varamedlemmer:	Grete Brekka Anne Ma Nyerrød Anders Aaberg

Årsmøte blei halde på Heimtun 28. febr. med 47 frammøtte.

Styret har hatt 5 styremøter, samt eit julemøte i Syrdalen med middag og hyggeleg samvær, i tillegg har vi hatt arbeidsmøter knytta til bildebehandling.

19.april var det fellesmøte på Arendal Rådhus for alle historielaga i Arendal. Tema var korleis omegn bidro til vekst og utvikling av Arendal. Odd Thunes heldt foredrag om Austre Moland sin rolle i utvikling av Arendal.

8. mai hadde vi som vanleg samling og nedlegging av blomster ved minnebautaen på kirkehaugen. Åsta Ledaal heldt tale ved minnebautaen. Talen står gjengitt i 2023 utgåva av «Dei gav oss ein arv».

Årets vårtur gjekk til Frisøya 11.mai. Arrangementet var i samarbeid med Stokken Historielag og ca.40 personer var med på guida rundtur på øya med Per Edvard Andersen som guide.

Austre Moland historielag var medarrangør på juletreffest 6.januar og på kirkejubileet 14. mai.

25 syklistar møtte 4.juni opp til historisk sykkelstur med start frå Nidarhall i Froland. Vi besøkte Kobbergruvane på Bøylestad og restene etter kobberverket på Osevollen.

1.aug. hadde vi avduking av minneplate om Peder Larsen på Flaten. Peder Larsen var bestefar til Australias nasjonaldikter Henry Lawson. Ei Australsk litterær gruppe var med på avduking av minneplata.

Lokalhistorisk dag på Heimtun 26. aug. blei ein suksess med ca.100 frammøtte. Arrangementet var i samarbeid med Moland bygdekvinnelag. Foredrag om Eidsvollsmannen Even Thorsen, servering av bakarovnsteikte brød, søsterkake og bålkaffi slo an. Den nye filmen om Molandsvassdraget blei lansert for bygdefolket.

Filmene om Molandsvassdraget var eit samarbeidsprosjekt med Stokken Historielag. Odd Thunes, Sigurd Ledaal og Nils Åge Vikingsdal har arbeida med filmen saman med Stokken Historielag. Filmene er produsert av Media service v/ Håvard Stiansen og har slått godt an.

Laget har fått kr. 10 000 i turstimidler frå Sparebanken Sør og har rydda tursti til Hattåsen. Det gjenstår å rydde tursti til Røyerfjell ved Woie. Turstien ved Kjærhølen er rusta opp.

Av lokalhistoriske tiltak har det blitt satt opp informasjonsskilt om jerngruva ved Fjellsvann (Fjellsgruva). På Sagene er det sett opp minneplate om Eidsvollsmannen Even Thorsen, om Ole Nielsen Weierholt og informasjonsskilt om kulturminner på Sagene.

1.okt. hadde historielaget ei markering i Austre Moland Kirke om folkehøgskolen på Skjulestad 150 år. Ny bok om folkehøgskolen på Skjulestad og folkehøgslølerørsla skreven av Jan Kløvstad blei lansert.

Arbeidet med å digitalisere historiske bilder er godt i gang. Det er nå publisert 645 bilder på Agder bilder. Vi har god hjelp av Hannele Fors på Kuben. Dette er eit stort arbeid som vil ta tid.

På haustmøte med boklansering 14.november orienterte Odd Thunes om arbeidet med filmen om Molandsvassdraget og filmen blei synt fram.60 personer møtte på haustmøte. Bokkomiteen ved leiar Knut Engelskjøn presenterte den nye årboka 2023. Hovedartikkel i år er om Austre Moland Kirke 350 år skrevet av Kaia Brekkenes Eide, i tillegg er det mange andre fyldige artikler. Bokkomiteen har som vanleg gjort eit fantastisk godt arbeid. I år som i fjor blei sal av boka gjennomført på dugnad av styret og vararepresentantar, samt andre sentrale personer.

Leiar har delteke på årsmøte i Agder Historielag på Eikerapen og leiar m/fleire har hatt møter med Stokken Historielag.

Til kommunikasjon mot medlemmene våre bruker vi SMS, facebook og heimesida.

Medlemstalet har auka litt. Pr. dags dato er det 121 medlemmer samt 4 æresmedlemmer.